

27.04.2007

Moberg trekkjer seg ikkje



Gunn Mari trekkjer seg likevel ikkje

Sjøl om arbeidsutvalet i Høgre fredag valde lista frå 11. februar (den første) kjem ikkje den nyvalde partileiar og nummer to på begge listene, Gunn Mari Moberg frå Uskedalen, til å trekkje seg. Det antyda ho for ei tid sidan, men til innsida.no seier ho no at ho vil fortsetja.

Om ho hadde vald den andre løysinga, måtte ho ha meldt seg inn i eit anna parti, og det er ikkje aktuelt, seier ho. Ho vil no prøva å svelgja i seg utfallet av saka og jobbe vidare med Høgrepolitikken.

Men Moberg hadde håpt på ei anna utfall og beklagar avgjerda sterkt. Ho held fram: - Sjøl om det er mange taparar i denne saka, vil eg oppfordra alle om å jobba vidare for politikken vår. Det vil kanskje koka ei stund fordi nokre er bitre og frustrerte. Men eg håpar at vi no kan samlast og jobba vidare.

I motsetnad til Moberg vil tredjemann på begge listene Morten Vevatne, fjerdemann på begge listene Steinar Prestnes og åttendemann på begge listene Are Blokhus no trekkja seg.